
Saksnr: 2019/82-35
Saksbehandlar: Arild Knapskog

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval		05.02.2021

VU sine innspel til fylkesting for ungdom 2021

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval gjev slike innspel til fylkesting for ungdom Vestland 2021:

Samandrag

Vestland ungdomsutval vedtok i møtet 11. desember at fylkesting for ungdom (FFU) skal haldast 9.-11. april. FFU kjem til å bli eit stort arrangement. Om ein reknar med at kvar kommune stillar med to delegatar vil vi kome opp i 86 delegatar. I tillegg kjem administrasjonen og spesielt inviterte. Planlegginga av FFU er i gong, og Vestland ungdomsutval bes i den samanheng og kome med innspel til program og opplegg.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Arild Knapskog
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Dato

Datoen for fylkesting for ungdom Vestland er 9.-11. april og vart vedteken i Vestland ungdomsutval sitt møte 11. desember.

Stad

Fylkesting for ungdom Vestland skal etter planen gjennomførast i Bergen på Quality Hotel Edvard Grieg. Hotellet ligg nær kollektiv transport og Flesland. Tidlegare fylkesting har det vore vanleg å benytte trippelrom for delegatane som deltek, dette for at deltakarane kan bli betre kjend med kvarandre. Grunna pandemisituasjonen og smittevernomsyn, kan det dette året vere naudsynt med enkeltrom. Om forholda ikkje tillèt ein fysisk samling, blir det lagt opp til at fylkesting for ungdom blir arrangert digitalt.

Invitasjon

Innkallinga til FFU skal bli sendt ut fem veker før FFU skal arrangerast, og alle kommunar i Vestland, uavhengig av folketal, kan sende to ungdommar til FFU som delegatar. Om kommunane ynskjer å sende fleire representantar er det plass til ti observatørar. Her er det førstemann til mølla. Observatørar har talerett, men ikkje forslags- og røysterett.

Framover

Arbeidet med å arrangere FFU er framleis i startfasen og det vil bli jobba kontinuerleg med å få på plass sentrale dokument til møtet i samarbeid med VU.

Innspel frå VU

For at dette skal bli eit spanande og interessant arrangement er vi avhengig av innspel og hjelp. Forslag om foredragshaldarar, relevante tema og sosiale aktivitetar tas i mot utan atterhald. Målet er at dette blir eit arrangement der alle kan føle seg inkludert og alle kan bidra.

Administrasjonen ber difor VU om å kome med innspel, idear og forslag til innhald og struktur på fylkesting for ungdom Vestland.